


Inkluderande, i samspel, leik og læring, med vener





Velkomne til barnehagen vår

Vassenden Barnehage er ein 3 avdelings privat barnehage med oppstart i august 1998 Barnehagen er godkjent for 54 plassar. Vi har ei rein småbarnsavdeling, «Trollungane» 1-2 år, mellomstor avdeling er «Veslefrikk» 3-4 år og stor avdeling «Askeladden» 5-6 år med førskulegruppe. Vi har eit kompetent og godt kvalifisert personale som skapar eit aktivt og positivt læringsmiljø for borna. Barnehagen ligg sentralt til i «hjarte» av hjellbrekkefeltet på Vassenden i Jølster. Vi har gode tur og aktivitetsmogelegheiter til alle årstider, ved fjell og vatn, i fri natur, eller i skibakken ☺ Alt ligg der, på våre eige uteområde og rett utanfor barnehagen. ☺

Dagsrytme på huset: (klokkesletta er omtrentlege)

(06.30) 06.45	Barnehagen Opnar
07.30 - 08.15	Frukost
09.30	Samlingsstund
10.00	Gruppeaktivitetar
11.00-12.00	Lunsj
12.30	Vi går ut
14.30	Fruktmåltid/ knekkebrød
16.45 (17.00)	Barnehagen Stengjer



Personalet i Vassenden Barnehage 2019/2020

Dageleg leiar:	Grete Iren Hansen	100%
Pedagogar:	Anne Leknes rye	60%
	Wenche Myren	80%
	Eline Kvamme	100%
	Jorunn Gåsemyr	60%
	Therese Norevik Vie	100%
Medarbeidarar:	Hilde Farsund	80%
	Sara Fossheim	100%
	Turid Dvergsdal	100%
	Veronika Lill Kvalheim	60%
	Eirik Ronald Fossheim	80%
	Linn -Therese Fenstad Buu	60%
	Reidun Anita Bruket	100%
	Jakob Sunde Hagen	100%

Kl. 06.45 barne kan leverast i barnehagen

Kl.16.45 barna skal vere henta i barnehagen

Dersom ein har behov for at borna skal leverast før kl.06.45 skal dette vere avtalt på førehand.

Dersom barnet blir henta etter kl. 16.45 er det fint om de varslar oss om dette. ☺





Barnehagens lovverk og arbeidsdokument

Barnehagen arbeider etter lov om barnehagar, med gjeldande forskrifter. Innhald og drift vert regulert via våre mange styringsdokument. FNs barnekonvensjon er ei av våre sentrale arbeidsdokument, og nærmast ligg lov om barnehagar, og rammeplan for barnehagar. Alle barnehagar skal utarbeide ein årsplan. Planlegginga av

barnehagens fysiske utforming, organisering og prosessar må gjerast med utgangspunkt i barnehagens overordna mål, som er gjeven i barnehagelova og utdjupa i rammeplanen for barnehagar.



Årsplanen har fleire funksjonar. Den skal innehalde informasjon om korleis barnehagen vil arbeide med omsorg, oppseding, leik og læring. Dette for å sikre borna gode mogelegheiter for utvikling og aktivitet i nær forståing og samarbeide med bornas heim . Planen skal synleggjere både gjennomgåande og periodisk innhald, og er ein arbeidsreiskap for personalet som skal sikre progresjon i arbeidet barnehagen utfører. Årsplanen skal vere eit grunnlagsdokument for alle involverte i barnehagen, det vere seg eigarar/ føresette, tilsette og tilsynsmyndet

Rammeplan for barnehagar, har som mål å gje styraren, dei pedagogiske leiarane, og personalet elles ei forpliktande råde for å planleggje, gjennomføre og vurdere barnehagen som verksemd. Rammeplanen gjev og informasjon til føresette, eigarar og tilsynsstyresmakta. Rammeplanen presiserer at barnehagen skal byggje på eit heilskapleg læringssyn, der omsorg, leik og læring er sentrale område som skal vere til stades gjennom heile barnehagekvardagen.

«Alle handlingar og avgjerder som gjeld barnet, skal ha barnets beste som Grunnleggande omsyn, jf. Grunnlova §104 og barnekonvensjonen art.3 nr1 Dette er eit overordna prinsipp som gjeld for all barnehageverksemd.»

(Rammeplan for barnehagar, 01.08.2017)



Tid til spontanitet

Det vil alltid vere aktivitetar og opplevingar som kjem til «her og no», det er desse som gjer kvardagen vår til eit lite eventyr ☺ Det er ein del av bornas medverknad, spontaniteten og gleda som alltid skal vere i barnehagen



Barnehagens formålsbestemming og innhald.

Kapittel I. Barnehagens formål og innhald

§ 1. Formål

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene. Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger. Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.» (Endret v/ lov 19 des 2008 nr. 119 (i kraft 1 aug 2010 iflg. res. 18 juni 2010 nr. 828))



§ 2. Barnehagens innhald

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet. Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur. Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap. Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Departementet fastsetter en rammeplan for barnehagen. Rammeplanen skal gi retningslinjer for barnehagens innhold og oppgaver. Barnehagens eier kan tilpasse rammeplanen til lokale forhold. Med utgangspunkt i rammeplan for barnehagen skal samarbeidsutvalget for hver barnehage fastsette en årsplan for den pedagogiske virksomheten.»





Vassenden Barnehage sa - Årshjul for barnehageåret 2019/2020

Månad	Dato	Gjeldande	Klokkeslett	X = Stengt
August 2019	19.august	Nytt barnehageår	06.30 - 17.00	Velkomne
September	26.sept	Foreldremøte	19.30 -21.00	Velkomne
Oktober	1. okt	Plandag		X
	24.okt	Forut basar	14.30 - 16.30	Velkomne
November				
Desember	09. des.	Kyrkjevandring i Ålhus Kyrkje	10.00 - 13-00	For borna
	12.des	Julefrukost	06.30 -09.30	Velkomne
	13. des. Lucia.	Førskuleborna besøker skulen	10.00 - 11.00	For borna
	19.des	Nissefest	10.00- 13.00	For borna
	24. /25. /26. /31. des	Julaftan, 1. og 2.juledag , nyttårsaftan		X
Januar 2019	01. januar	1. nyttårsdag		X
	31.januar	Plandag		X
Februar	27.februar	Karneval	10.00 - 13.00	For borna
Mars	26. mars	Foreldremøte	19.30 - 21.00	
April	01.april	Påskefrukost	06.30 -09.30	Velkomne
	08.april	Onsdag før Skjærtorsdag	Stengjer kl.12.00	Til 12.00
	09. april	Skjærtorsdag		X
	10 april	Langfredag		X
	13.april	2. påskedag		X
Mai	1. mai	Offentleg høgtidsdag		X
	21.mai	Kristihimmelfartsdag		X
	22.mai	Plandag		X
Juni	10.juni	Foreldrearrangement	14.30 - 16.30	Velkomne
	11. og 12.juni	Plandagar i barnehagen	Heile dagen	X
	16.juni	Avsluttingsfest for førskulegruppa m/fam.	17.00 - 19.00	Velkomne
Juli	v.25 - 33	Sommarferietid	Etter innmeldt ferie	
August 2020	17.august	Nytt barnehageår	06.30 - 17.00	Velkomne

Verdigrunnlaget i Vassenden Barnehage Og Rammeplan for barnehagar



BARN OG BARNDOM

Vi er trygge vaksne som anerkjenner barna og ivaretar barndommens eigenverdi, vi legg grunnlag for eit godt liv, der barna utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og har tru på eigne evner. Alle val vi tek som gjeld barnet har barnets beste som grunnleggjande omsyn.

DEMOKRATI

Vi arbeider for eit inkluderande fellesskap med vekt på demokrati, vi gjev barna moglegheit for å utvikle forståing for samfunnet og verda dei er ein del av. Barna skal medverke i barnehagens innhald, uavhengig av alder og funksjonsnivå. Såleis skal barna få sjansen til å utvikle forståing for samfunnet og den verda dei er ein del av.

MANGFALD OG GJENSIDIG RESPEKT

Vi er eit personale som ser og anerkjenner barna, vi syner gjensidig respekt for kvarandre ved å være gode rollemodellar. Vi legg til rette for eit inkluderande miljø der det er plass til alle. Det handlar om kjenne at ein høyrer til, at alle barn vert sett og anerkjent for den ein er, og å synleggjere den enkelte sin plass og verdi i fellesskapet.

LIKESTILLING OG LIKEVERD

Vi har fokus på at alle barn er like mykje verdt og likestilt i forhold til kvarandre, uavhengig av kven ein er, kvar ein kjem frå og kva sosial tilhøyring ein har utanfor barnehagen. Saman skal vi motverke alle former for diskriminering og krenkelsar. Personalet er klare på sin rollemodellfunksjon og reflektera over eigne haldningar, og handlingar, for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd, likestilling og fremje nestekjærleik.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

Barna skal lære korleis best å ivareta seg sjølv, kvarandre og naturen. Vi vaksne skal være gode rollemodellar og lære barna å tenke kritisk og handle etisk. Barna skal få bli kjende med mangfaldet i naturen, naturopplevingar og slik finne glede i samspel med naturen. Saman skal vi skape forståing for at handlingar i dag kan få konsekvensar for framtida.

LIVSMEISTRING OG HELSE

Barnehagen har ein førebyggjande, helsefremjande funksjon der vi bidreg til sosial utjamning. Måltid og matlaging i barnehagen skal gje barne eit grunnlag til å utvikle matglede og sunne matvanar. Barnehagen skal være ein trygg og utfordrande stad der vi vaksne førebygger og fremjar barna si fysiske og psykiske helse, der vi vaksne har eit bevisst forhold til barnas omsorgs- og livssituasjon. Barna skal få støtte i å meistre motgang, handtere utfordringar og gå bli kjende med eigne og andre sine kjensler.


BARNEHAGAR MED SÆRSKILD FORMÅL

Vassenden barnehage sitt verdigrunnlag bygger på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane. Vi driftar etter felles verdigrunnlag i respekt for menneskeverdet og naturen, åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet.

Om å danne eit godt barnehagetilbod for barn, føresette og tilsette

Eit godt barnehagetilbod avheng av personalet sin kompetanse, og genuine interesse for barnet og deira nære. Med dyktige og kompetente tilsette kan Vassenden Barnehage sikre at samfunnsmandatet blir oppfylt i tråd med gjeldande styringsdokument.

Formål og innhald i Vassenden Barnehage



«Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalde skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. I samiske barnehagar skal dette arbeidet byggje på samisk språk, kultur og tradisjonskunnskap. (Rammeplan for barnehager 2017) Vidare i årsplanen skal vi sjå litt på kva vi barnehagen legg i dei ulike omgrepa i sirkelen og korleis vi jobber med desse områda.

”Omsorg, oppdragelse og læring skal fremme menneskelig likeverd, likestilling, åndsfrihet, toleranse, helse og forståelse for en bærekraftig utvikling” (Barnehageloven § 2 Barnehagens innhold)

Ei av hovudoppgåvene til personalet i barnehagen er å skape omsorg for barna. Ved å skape god og nær omsorg skapar vi også ein trygg barnehagekvardag for barna. Vårt personale har omsorg i fokus, dette er ikkje berre sjølv sagt men og ei yrkesetisk plikt. Barna skal føle seg trygge, dei skal verte sett, høyrte og rettleia. Omsorg i barnehagen handlar både om relasjonar mellom dei vaksne, tilsette, foreldra og barna og om barnas omsorg for kvarandre. Gjennom det daglege samspelet med barn og vaksne skal barn erfare, og lære korleis eins eigne handlingar påverkar andre. Ein omsorgsfull relasjon er prega av at ein er lydhør, at det er nærleik, innleving, evne og vilje til samspel. Omsorg er å vere der for kvarandre.

Litt om Grønne tankar – glade barn i barnehagen

Å møte seg sjølv og andre med høflege og positive forventningar, rausheit og respekt, fremjar trivsel, læring og god helse. I barnehagen brukar vi programmet «Grønne tankar – glade barn» for å hjelpe barna til å utvikle eit godt språk for kjensler, og for kommunikasjon også om sterke kjensler og vanskelege situasjonar. Materialet brukast i samlingsstunder, samtaler, lesestunder og i leik med barna, gruppevis og éin-til-éin. Barna lærer om kjensler og «raude og grønne tankar» og blir kjent med tenkebamsane Raud og Grøn. Barna øver på å gje seg sjølv og kvarandre støtte og trøyst når noko blir litt vanskeleg eller skummelt, og på kjenslehandtering.

Det er starta ei vidareutvikling av digitalisert materiale, med basis i «Grønne tankar – glade barn» på den digitale læringsportalen Salaby. Det fungerer på PC/Mac, og kan være fint som ein start for samtalar heima, sjå <http://barnehage.salaby.no/rode-og-gronne>





Periode 1 - Omsorg, inkludering, leik og læring

Som første tema har vi sett fokus på omsorg, inkludering, leik og læring. Litt har endra seg sidan våren. Vi har hatt feie, har vokse litt, nokon har begynt på skule og nokon skal på ny avdeling. Og kanskje er det komme nye barn i barnehagen denne hausten, - nye vener. Vi skal finne oss til rette saman, og kjenne oss trygge. Vi skal skape gode vennskap og eit fellesskap der alle skal kjenne seg like verdifulle.

Det er viktig å ivareta eigen integritet når ein skal etablere nye vennskap. Vi skal saman med borna vise at ein er «gull verdt» akkurat som den ein er. Variasjonen blant oss er god, viktig og spennande. Og utan nettopp **deg**, blir ikkje dagen den same.



« Å bidra til at alle barn som går i barnehagen, får ein god barndom som er prega av trivsel, vennskap og leik, er fundamentalt. [...] Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet.[...] Barnehagen skal gi rom for barnas ulike føresetnader, perspektiv og erfaringar og bidra til at barna, i fellesskap med andre, utviklar eit positivt forhold til seg sjølv og eigne evner.» (Rammeplan for barnehagen 2017)



Det er viktig å sørge for eit inkluderande fellesskap der alle kan kjenne at dei er viktige, ikkje for det dei gjer, men for den dei er. Sjølvkjensla til barnet skal støttast gjennom gode rollemodellar og anerkjening.





August 2019 19.08-27.09

Mål for perioden: Alle skal kjenne seg trygge og inkluderte i barnehagen.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
31				1	2	3	4
32	5	6	7	8	9	10	11
33	12	13	14 Plandag bhg stengt	15	16	17	18
34	19	20	21	22	23	24	25
35	26	27	28	29	30	31	

«For å få venner må ein først lære å vere ein venn»





Periode 1 Omsorg, inkludering, leik og læring

Omsorg er ein føresetnad for at borna skal kjenne seg trygge og trivast, og for at dei skal kunne utvikle empati og nestekjærleik. Vi skal gje borna mogelegheit til å utvikle eiga sjølvkjensle og tillit til seg sjølv og andre.

Å gje borna mogelegheit til å gi kvarandre, og å kunne ta imot omsorg tenkjer vi er grunnlaget for utvikling av sosial kompetanse og eit viktig bidrag til livslanglæring.

Samstundes skal vi sørgje for eit inkluderande miljø, og fellesskap som legg til rette for at borna skal kunne bidra i eiga og andre si læring.



Personalet skal fremje eit inkluderande miljø, der alle barn kan delta i leik og erfare glede i det å kunne leike.



Sosial kompetanse er ein føresetnad for å kunne fungere godt saman med andre og omfattar ferdigheiter, kunnskapar, og haldningar som blir utvikla gjennom sosialt samspel med andre barn eller vaksne.



September 2019 19.08-27.09

Mål for perioden:

Alle skal kjenne seg trygge og inkluderte i barnehagen.
Saman skal vi leggje grunnlag for vennskap , trivsel og positiv utvikling



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
35/36	2	3	4	5	6	7	1/8
37	9	10	11	12	13	14	15
38	16	17	18	19	20	21	22
39	23	24	25	26 Foreldremøte kl.19.30 - 21.00	27	28	29
40	30						

«Vennskap er som ein god koppsjokolade, den gjer deg varm og god tvers igjennom»



Periode 2- Mangfold / Forut

Via Barneaksjonen "Nanah og løvefjellet" blir vi kjent med fire år gamle Nanah fra landsbyen Kareneh i Sierra Leone. Vi blir med på alt kvardagen byr på av rutinar, skuledag, måltid, latter og lek med venner. Vi får også et spanande innblikk i korleis Sierra Leones nasjonaldag feirast i landsbyen.



vi mat frå aksjonslandet, og sel importerte, og sjølv laga produkt .Vi plar også reise på «flytur» til til aksjonslandet, for å «sjå» kva slags dyr som bur der, og litt om korleis dette landet er i forhold til vårt. Kva er likt , og kva er ulikt?



På den årlege forut-basaren serverer



Gjennom forut sitt opplegg får barnehagen kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdier og innsikt i ulike høgtider i ulike religionar og livssyn. Barnehagen brukar dette som ein innfallsport til å skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesett til andre menneske. Gjennom å utvikle denne interessa vil vi skape respekt for kvarandre og fremje forståing av verdien av likskap og ulikskapar i eit fellesskap.

Oktober 2019 30.09-24.10

Mål for perioden: «saman skal vi utvikle interesse og respekt for kvarandre, og forstå verdien av likt og ulikt»

- i Nanah sitt land bur det krokodillar, men den som bur i vår skog treng vi ikkje være redd for ☺



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
40		1	2	3	4	5	6
41	7	8	9	10	11	12	13
42	14	15	16	17	18	19	20
43	21	22	23	24 Forut basar 14.30-16.30	25	26	27
44	28	29 Fotografen kjem	30	31			

«Vennskap er eit språk som alle kan høyre, og som den blinde kan sjå »

Periode 3 - Familien vår, og nære relasjonar

Ingen familie er heilt like, nokon har beste foreldre, andre har ikkje, nokon er eldst, og andre er yngst, har hund, katt, bur med mamma, eller pappa, eller i storfamilie. Det er mange ulike familietypar. Og ikkje alle som er rekna som familie er vi i slekt med, vi er bere veldig, veldig glad i dei .



«Barnehagen skal bruke mangfald som ein ressurs i det pedagogiske arbeidet og støtte, styrkje og følgje opp barna ut frå dei kulturelle og individuelle føresetnadane» Rammeplan for barnehagar.

Desse ulikskapane skal vi setje fokus på i denne perioden, vi skal ta i bruk kunst og kreativitet og forsøke å forme desse ulikskapane, og samanlikne. Vi skal sjå på likt og ulikt.



November 2019 28.10.19 - 15.11.19

Mål for perioden: Vi skal synleggjere mangfaldet i ulike familieformer, og sørge for at alle borna får spegle sin familie i barnehagen

Vi skal teikne, lese, prate om, og sjå på bilete om ... ulike familiar, og alle er flotte 😊

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
44					1	2	3
45	4	5	6	7	8	9	10
46	11	12	13	14	15	16	17
47	18	19	20 Verdens -barnedagen	21	22 NB! Husk juleferielapp innan 02.12.19	23	24
48	25	26	27	28	29	30	1 1.søn. i advent

«Å gje eit barn god sjølvkjensle, er ei av den mest fornemme oppgåver av alle »



JULEFERIEN 2019

For å kunne organisere ulike aktivitetar, samt vakter for personalet i romjula, treng vi ein oversikt over kven som kjem til å nytte barnehagen i denne perioden.

Nedanfor finn de svarslipp der de kan krysse av for kva av dagane barnet dykkar kjem til å vere i barnehagen. Fint om de har høve til å notere kva klokkeslett de har behov for plass desse dagane...

✓ SVAR INNAN 2. desember 2019

PÅ FØREHAND TAKK, OG EI RIKTIG GOD JUL TIL ALLE

KLIPP HER



✂ NAMN PÅ BARNET/BARNA _____

DAGAR:	HAR FRI:	KJEM:	FRÅ-TIL KLOKKA:	OPNINGSTID:
måndag 23. desember				Som vanleg
Fredag 27. desember				Som vanleg
Måndag 30. desember				Som vanleg
Andre dagar?				Som vanleg
Andre dagar?				Som vanleg

UNDERSKRIFT _____



Det fruktbare foreldresamarbeidet

Føresetnaden for eit godt samarbeid, ein god dialog og eit fruktbart og lærerikt barnehageopphald for barnet er god kommunikasjon mellom heim og barnehage. Dette ønskjer vi å sikre gjennom foreldremøte, foreldresamtaler og foreldrestyret. Samtidig som den daglege kontakten med barnets heim, i hente/ bringesituasjonen, er av største betydning. Her utvekslast beskjedar, kommentarar, idear og annan viktig informasjon. Samarbeidet mellom personalet og barnets føresette må byggja på innsikt i kva rolle heimen og barnehagen på kvar sin måte spelar i livet til barnet. Arbeidet i barnehagen skal ta utgangspunkt i ein grunnleggjande respekt for den kompetansen foreldra har som foreldre, og i retten deira til, og ansvaret deira for å oppseda barna sine på den måten som er rett ut frå tradisjonane, normene og deira vurderingar. Det er viktig at både foreldre og personale er aktive og ansvarlege deltakarar i den utviklinga og læringa barnet får i barnehagen. Foreldra skal ha innverknad på

årsplanlegginga og vurderingsarbeidet i barnehagen og på aktivitetane i barnehagen. Idealet er eit gjensidig samarbeidstilhøve der båe partar gjev kvarandre råd, hjelp og støtte.

Dagleg Samtale med Foreldre: Dei tilsette tek seg tid til å snakke med foreldra i "hente berge situasjonar" Utveksle informasjon om barnet. Fortelje litt om kva barnet har gjort på, og leika med, i hovudsak munnleg. Eit viktig møte for å sikre eit godt samarbeide.

Foreldresamtale: Den formelle foreldresamtalen på haust og vår, er ein viktig informasjonsutveksling som er med på å trygge barnet si utvikling og den daglege trivselen. Alle foreldre får tilbod om foreldresamtale ved oppstart og ved bhg. Slutt. Her blir det utveksla informasjon om barnet. Ein arena for å drøfte barnets utvikling, ta opp ulike saker. Notat frå desse samtalane vert oppbevart i barnets mappe. I overgang bhg. /skule har alle ein overføringssamtale, til barnets beste

Foreldremøte: Foreldremøte skjer med formell innkalling og sakliste. Det vert helde årsmøte i eigarstyre. Foreldrefestar vil vere ein arena for barna til å opptre, synge ol. Foreldremøte er for å dele felles informasjon, drøfte saker som angår dagleg drift ol. Rom for diskusjonar og evalueringar. Referat frå alle møte vert arkivert. Saker som angår eigarstyre er arkivert i barnehagen. Info til foreldra om aktivitetar, invitasjonar, kva vi driv med ol.

Våre forventningar til dykk som føresette: At de gjev melding til barnehagen når barnet tek fri eller er blitt sjukt. At de hjelper oss med å få tørka kleda etterkvart, ta med heim og tørk. At de er flinke til å halde barnehagens opningstid .At planar, lappar og oppslag vert lese. At barnet har med rikeleg med skift i barnehagen. Klede og sko etter vår og forhold. At de gjev melding til barnehagen om det er noko de ikkje er fornøyde med. At de gjev barnehagen tilbakemeldingar på ting som de er fornøgd med. At de seier ifrå når barnet vert henta av andre At de som foreldre tar omsyn til barnet når det er sjukt eller er i dårleg form. At vi blir informerte dersom det er hendingar/endringar i heimemiljøet som påverkar barnet ,eller vi bør vite om. Eit "HEI" når vi møtast :) Våre forventningar til dykk foreldre.




Periode 4 - JUL

Vi skal saman ta fram dei gode tradisjonane, finne positiv forventning, ro og hygge i ei elles noko hektisk førjulstid. Vi vil syngje, bake, og tenne lys. Vi skal lage julepynt og lese koselege julehistorier, og kanskje må vi leite etter julenissen?.



....



Tradisjonen tro skal vi også I år ha besøk av presten, Som skal snakke om den Kristne høgtida. Vi skal i kyrkja på kyrkjevandring saman med dei andre barnehagane. Dei som ikkje ynskjer å vere med skal få drive på med andre aktivitetar i barnehagen desse dagane, saman med dei andre som ikkje skal av garde.



«Det går fram av barnehagelova §1 at barnehagen skal byggje på grunnleggande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon [...] verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn, og som er forankra i menneskerettane.

Vi vil formidle ulike tradisjonar rundt julehøgtida. Og vi skal kose oss med julebakst og ulike formingsaktivitetar.



Som tidlegare år skal Førskulegruppa på tur i skogen for å hogge juletre. Dei tar med god «proviant» kakao og peparkaker, øks og sag. For så å gå på JAKT (etter evtale med grunneigar) etter det perfekte utetre. som dei pyntar med lys når dei kjem tilbake





Desember 2019 18.11.19 - 20.12.2019

Mål for perioden: Vi skal saman lære om ulike juletradisjonar

- Og husk hjartevarme er viktigare enn overflod.



Veke	Mandag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
49	2	3	4	5	6	7	1/8 2.søn. i advent
50	9 julevandring i Ålhus kyrkje	10	11	12 Julefrokost kl.06.30 -09.30	13 Lucia	14	15 3.søn. i advent
51	16	17	18	19 Nissefest for borna kl.10.30 - 14.00	20	21	22 4.søn. i advent
52	23	24 JULAFTAN STENGT	25 STENGT	26 STENGT	27	28	29
1	30	31 NYTTÅRS STENGT	RIKTIG GOD JUL OG GODT NYTTÅR TIL KVAR OG EIN				

«Det er viktig å gje borna kjærleik, mykje kjærleik, - så kjem vitet av seg sjølv»

Periode 5 - Samspel i drama og lek



Saman skal vi bruke fantasien til å utvikle kreative tankar og skaparglede. Vi skal motivere barna til å uttrykkje seg gjennom drama, musikk og dans. Gjennom borna sine egne interesser vil vi prøve å skape rom for utfolding for alle uavhengig av utvikling og føresetnadar. Barna skal få kjenne på at dei vågar å utfordre seg sjølv slik at borna kan utvikle seg, lære og oppleve framgang og meistring i samhandling med andre og i leiken.

- Vi vaksne skal leggje til rette for progresjon gjennom val av pedagogisk innhald, leikar, materiale, og utforming av det fysiske miljøet.

Vi skal gi barna nye impulsar gjennom eventyr forteljingar og opplevingar, og vi skal finne einskildbarnet sine interesser, og styrkar slik at vi saman kan utvikle ein større samhandlingskompetanse.






Januar 2020 06.01.20 - 28.02.20

Mål for perioden: Vi skal bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik, og leggje til rette for utvikling av barnas leiketema

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
1	30	31	1	2	3	4	5
2	6	7	8	9	10	11	12
3	13	14	15	16	17	18	19
4	20	21	22	23	24	25	26
5	27	28	29	30	31 STENGT PLANDAG	1	



«Av og til er det herleg - Bere å vere til»

Periode 5 - Samspel i drama og lek



Borna skal få øve seg på å dramatisere eit eventyr eller ei forteljing som dei så kan vise fram til ei anna gruppe i barnehagen. Borna skal sjølve få medverke i korleis framføring skal vere, og kva dei ynskjer å dramatisere



SNIPP ... SNAPP... SNUTE...

Vi avsluttar perioden med karneval for store og små med samspel i lek og drama som tema, står elle fritt fram for kva dei ynskjer å kle seg ut som, kanskje noko dramatisk eller leikande lett. Det viktigaste er at borna kan vere med på eigne premissar, og kjenne på gleder i å kle seg ut, og vere i ei rolle ei lita stund.



Februar 2020 06.01.20 - 28.02.20

Mål for perioden: Vi skal bidra til at barna får felles erfaringar som grunnlag for leik, og leggje til rette for utvikling av barnas leiketema.



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
5						1	2
6	3	4	5	6 Samefolkets dag	7	8	9
7	10	11	12	13	14	15	16
8	17	18	19	20	21	22	23
9	24	25	26	27 Karneval	28	29 Skotårsdag	1

«livet er ikkje eit problem som skal løysast, men eit mysterium som skal levast»



PÅSKEFERIEN 2020

For å kunne organisere ulike aktivitetar, samt vakter for personalet i påskeveka, treng vi ein oversikt over kven som kjem til å nytte barnehagen i denne perioden.

Nedanfor finn de svarslipp der de kan krysse av for kva av dagane barnet dykkar kjem til å vere i barnehagen i påskeveka.

Fint om de har høve til å notere kva klokkeslett de har behov for plass desse dagane...

PÅ FØREHAND TAKK, OG EI RIKTIG GOD PÅSKE TIL ALLE

Leverast innan: 13.03.2019



KLIPP HER

✂-----

✂ NAMN PÅ BARNET/BARNA _____

DAGAR:	HAR FRI:	KJEM:	FRÅ-TIL KLOKKA:	OPNINGSTID:
Måndag 6. april				Som vanleg
Tysdag 7.april				Som vanleg
Onsdag 8. april				07.30 - 12.00

UNDERSKRIFT _____

[illegible]

Periode 6

- Vår/ Påske



OG - vinteren går vaknar til nytt liv

sakte mot vår, så medan vi nyt siste resten av vinteren og ser at naturen etter vinterdvalen, skal vi snakke litt om ulike tradisjonar kring påskehøgtida.

I gresk mytologi finn vi ei historie om påskeharen som vi skal sjå litt nærmare på. Han var opphavelig ein fugl, men han vart gjort om til hare slik at han lettare kunne gøyme seg for jegeren Orion. Men haren sakna at han ein gong kunne leggje egg, og dette fekk han gjere att ein gong i året, i påska.



Og så kan vi snart starte oppatt med litt uteaktivitet med lettare klede

Vi kan finne fram hammar og spikar, og vi kan finne fram spikkeknivane våre, og sjå om vi kan lage oss seljefløyter.

Våren har mykje flott å by på. Den er der for oss å gripe fatt i.





Mars 2019 02.03.20 - 08.04.20

Mål for perioden: Vi skal sjå etter vårteikn, og få kjennskap til ulike tradisjonar rundt påsketid

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
9/10	2	3	4	5	6	7	1/8
11	9	10	11	12	13 husk påskeferielapp	14	15
12	16	17	18	19	20 Vårjamndøger	21	22
13	23	24	25	26 Foreldremøte kl.19.30 - 21.00	27	28	29
14	30	31	1	2	3	4	5

« kvar dag kjem med nye gåver,- skund deg, knyt opp hyssingen og sjå»



Periode 6 - Vår/ Påske

April kjem av ordet «aprire» som tydar å opne seg, som å opne seg for sol og varme ☺ Dette er den flotte tida der alt rundt oss vaknar til live etter vinterdvalen.



Forventingane til våren er store for både barn og vaksne. No gler vi oss over dei små tinga rundt oss. Sevja stig, og bjørka får museøyre, sausymra blomar, også kalla kvitveisen, - **anemone nemorosa**, det latinske namnet er som eit lite «språkdrops» som ein kjenner også må opplevast.

Alle vil vi ha lys, sol, og varme, og saman skal vi nyte det.





April 2019 14.04.-.22.05

Mål for perioden: Vi skal lære om landet som vi lever i,
om tradisjonar og levesett

Vi skal lage påskepynt



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
14	30 	31	1 Påskefrokost kl.06.30- 09.30	2	3	4	5 palmesøndag
15	6	7	8 Vi stenger kl.12.00	9 Skjærtorsdag STENGT	10 Langfredag STENGT	11	12 1.påskedag
16	13 2.påskedag STENGT	14	15	16	17	18	19
17	20	21	22	23	24	25	26
18	27	28	29	30	1 off.høgtidsdag STENGT	2	3

«ord er som bobler i vatn, medan gode gjerningar er som dråpar av gull»



Periode 7 - Landet vårt

Vi skal lære om landet som vi lever i,
om tradisjonar og levesett

« Vassenden barnehage vi er bra, is
og pølser vil vi ha, HURRA!» Kvart
år i mai så lærer vi oss hurrarop og
syng songar til bruk på 17. mai.

Men landet vårt er så mykje meir enn det. Vi skal snakke litt lover
og reglar i landet vårt, at i vårt land kan alle vere med og bestemme.
Vi har demokrati, og det har vi også i barnehagen.



Gjennom å delta i fellesskapet skal barna få sjansen
til å utvikle forståing for samfunnet vi lev i, og kva som
pregar vårt nærsamfunn. Vassenden i Jølster, Sunnfjord
kommune. Kven er det eigentleg som bur her, og kva gjer
folka som bur på denne plassen.



Mai 2019

14.04.-.22.05



Mål for perioden: Vi skal lære om landet som vi lever i, om tradisjonar og levesett.

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
18					1 off. høgtidsdag STENGT	2	3
19	4	5	6	7	8	9	10
20	11	12	13	14	15	16	17 Grunnlovsdag
21	18	19	20	21 kristi himmelfarstdag STENGT	22 PLANDAG STENGT	23	24
22	25	26	27	28	29	30	31 1.pinsedag

«Det finst ofte eit stort tre oi eit lite frø»

Periode 8 Friluftsjaktivitetar

Naturleg ute i naturen finn vi dei aller beste, og mest spanande leikeapparata. Her



kan vi tumle rundt og det som er mest fantastisk med naturen er at den er perfekt tilpass kvar og ein av oss. Gjennom positive opplevingar og erfaringar i naturen skal vi fremje forståing og kjærleik til naturen, og saman skape

eit felles ynskje om å verne om alt det fantastiske som spirer og gror. Vi skal lære barna om berekraftig utvikling og omsorgs full ivaretaking av naturen

Vi skal bruke nærområdet til å utforske variasjonen og mangfaldet i nærområdet. Og vi skal prøve oss på å lage konstruksjonar i ulikt materiale for å sjå og utforske kva mogelegheiter ulike reiskapar og teknologi ute i naturen kan by på.



Til dømes: korleis kan vi lage straum ute i skogen? Går det an? Kva et fugleungar? Når kan dei flyke? Det er mykje vi skal undre oss over.



08/05/2019

Juni 2019 14.04.-.22.05

Mål for perioden: Barna skal få erfaringar med å gi omsorg, og ivareta omgjevnadane og naturen

Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lørd.	Sønd.
23	1 2.pinsedag STENGT	2	3	4	5	6	7
24	8	9	10 Foreldrearr. kl.14.30 - 16.30	11 Plandag bhg stengt	12 Plandag Bhg stengt	13	14
25	15	16 Avsluttingsfest for førskulegruppe m/ familie	17	18	19	20	21
26	22	23	24	25	26	27	28
27	29	30	1	2	3	4	5



«alle gjerningar som skjer i verda - startar i fantasien»

Periode 9 - Sommar og ferietid

Ikkje alle har mogelegheit til å reise vekk på sommarferie. Barnehagen skal vere ein arena for sosial utjamning, der vi skal gi alle borna rike opplevingar på tvers av sosial ulikskap



Vi skal kjenne på gleda over å vere aktive og kreative i fri natur, og vi skal gå på oppdaging for å finne insekt, larvar maur og anna som kravlar og kryp rundt i skogen vår.



Vi skal undre oss litt på sol og prøve å finne ut kvifor den er så viktig. Visste du mellom anna at den store, runde, gule sola vår er eigentleg ei stjerne, og alle stjernene vi kan sjå på himmelen om natta er forskjellige variasjonar av ei sol slik som vår?





Juli 2019 29.06.-.14.08 Mål: Vi skal lære om sola

Sommartid er ferietid, og her i barnehagen tar vi dagane som dei kjem. Ikkje for mange planar, men god tid til å kose oss med bøker og høgtlesinga i skuggen under eit tre .

Og... solvettreglane seier: når sola er sterkast, leikar vi oss i skuggen



Veke	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag	Lörd.	Sønd.
27							
28							
29							
30							
31							

Rammeplanen og dei 7 fagområda

Rammeplanen seier mykje om kva barnehagekvardagen skal innehalde. Den gjev oss ein modell som beskriv 7 fagområde som vi skal arbeide med og integrere i det daglege arbeidet saman med barna. Desse 7 fagområda er med på å sikre barna dei gode utviklingsmogelegheitene som barnehagelova beskriv. Desse fagområda skal være prega av ein god barndom med sosialt samspel, lek og læring.

Kommunikasjon språk og tekst

Her tenkjer vi først og fremst på tileigning av det munnlege språket, men også på tekstskaping etter kvart som barnet blir eldre og nærmar seg skulealder. Kroppsspråket er også ein viktig del av vår kommunikasjon. Vi skal bruke høgtlesing, munnleg forteljing, rim, regler og song. Og ikkje minst samtalar saman med borna



Kropp rørsle, mat og helse


Via daglege kvardagslege aktivitetar og rutinar skal vi formidle gode vanar, haldningar og kunnskap om sunt kosthald, god hygiene og eige behov for aktivitet og kvile. Vi legg til rette for fysisk aktivitet tilpassa barnets alder. Barna skal tileigne seg god kroppskontroll, grunnleggande grovmotorisk og finmotoriske ferdigheiter gjennom bruk av eige uteområde, på tur og på fast opplegg i klatreveggen på treningssenteret. Vi vil lære barna om sunne matvanar, kropp og helse ved at borna får aktivt delta i matlaging, og å servere god «heimelaga» mat

Kunst, kultur og kreativitet

Barna skal gjennom arbeidet med forming, kunst og arkitektur, musikk dans og drama, lære om forskjellige materiale, reiskapar og teknikkar som kan brukast. Samstundes skal dei få mogelegheit for å utvikle ein rik fantasi, skaparglede, kreativitet og personleg utvikling. Dette er eit fagområde rik på sansing og opplevingar i rikt monn. Musikken i seg sjølv er ei kjelde til rike indre opplevingar



Rammeplanen og dei 7 fagområda



Natur, miljø og teknikkologi.

Gjennom fine og avpassa turar i nærområdet skal vi utvikle barnas kjærleik til naturen, og forståelsen om samspelet i naturen mellom dyr, menneske og naturen. Gjennom positive opplevingar som utviklar respekt og samkjensle til livet i naturen, ynskjer vi å formidle kunnskap om miljøvern og berekraftig utvikling. Barna skal bli kjende med, og få forsting for plantar og dyr sin livssyklus, ulike landskap årstider, vær og vind. Vi skal lage vannhjul, og få forståinga av kvar straumen kjem frå, og ulike teknikkar som er brukt til å lage ting vi treng



Nærmiljø og samfunn

Gjennom bruk av nærmiljøet skal barna få innsikt i korleis samfunnet er bygd opp og fungerer, både i notid, og i gamal tid. Gjennom turar, forteljingar, og samtalar med barna ynskjer vi at borna skal kjenne på tilhøyret til eigen kommune, nærmiljøet, samfunnet og i sin eigen barnehage. Etter alder ynskjer vi å gje dei kunnskap om nasjonal og lokal historie.

Mengde, rom og form

Her skal vi ta fatt i barnas leik, med sortering, konstruksjon, eksperimentering og samanlikning. Til dømes puttekassar for dei små, puslespel, leik med klossar, og andre konstruksjonsleikar. Barna samlar og sortersr på pinnar, skjell, korkar og målar og samanliknar. Vi skal bake, vege og måle. Gjennom barnas eigen leik, eksperimentering

og kvardagaktivitetar skal barna få utvikle sin matematiske kompetanse. Songleikar med tur-taking og ellingsregler. Vi finn det i alle våre kvardagsaktivitetar. Ein to ,ein ,to - ein støvel og ein sko.



Etikk, religion og filosofi

Borna skal få utvikle sin identitet og kulturelle tilhøyering gjennom ro til undring og samtalar om forteljingar . Barna skal utvikle toleranse og interesse for kvarandre og respekt for kvarandre sin bakgrunn, uansett kultur, religion, eller livssyns messig tilhøyrrigheit. Gjennom samtalar, forteljingar og felles undring skal vi bidra til at borna utviklar toleranse for ulike familiære konstallasjonar, og at borna tileignar seg normer og verdier i samfunnet. Gjennom barnehageåret vil dei få kjennskap til ulike tradisjonar og høgtider.



Satsingsområde

«vi må tore å lytte til borna, samt etterstreve forståing og anerkjenning for borna sine behov og perspektiv»

Sunn mat og god helse

Samhandling og fellesskap er ein del av allmenndanninga, og i måltidet lærer vi om normer for bordskikk. Barna lærer om mat og drikke, på ein naturleg måte gjennom måltida, medverknad i borddekking og ved å hjelpe til å lage mat. Eit variert og samansett kosthald med regelmessige måltid har stor tyding for vekst og utvikling og som ledd i sjukdomsforebyggjande og helsefremjande arbeide. Borna skal få auka kunnskap, vise respekt for eigen og andre sin kropp, og utvikle forståing om at alle er ulike.

Dei skal få ei positiv sjølvoppfatning via kroppsleg meistring. Få kunnskap om menneskekroppen, og få forståing for viktigheita av gode matvanar og sunt kosthald.

Lesestunder, språkutvikling og den gode kommunikasjonen

Dei vaksne i barnehagen skal sørge for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som reiskap for tenking, og som uttrykk for eigne tankar og kjensler. Store delar av barnehagedagen er prega av kvardagssamtalar, gode samtalar mellom ein vaksen og enkeltbarnet. Det å bruke tida til språkstimulerande samtalar er formålsteleg bruk av ressursar. Bøker skal vere lett tilgjengelege for borna, og dei vaksne skal leggje til rette for

planlagt og spontan høgtlesing for borna. Gjennom barnelitteraturen møter barna gjerne eit meir komplekst språk, som den vaksne skal hjelpe barna å forstå slik at dei kan få eit rikare ordforråd. Vi skal sørge for felles opplevingar og aktivitetar som gjev høve til fleire samspelstema og auka kommunikasjon mellom barna. Gjennom høgtlesing kan vi skape nye tankar og gode samtalar.

Inkluderande barnehagemiljø. Omsorg er ein føresetnad for borna sin tryggleik og trivsel, og for utvikling av empati og nestekjærleik. Gjennom arbeidet med inkluderande barnehagemiljø skal vi gi borna mogelegheit til å utvikle tillit til seg sjølv og andre. Alle barna skal oppleve å bli sett, forstått, respektert og oppleve å få den hjelp og støtte dei har behov for i kvardagen. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom borna og mellom personalet og barna som eit grunnlag for trivsel, glede og meistring. Vi skal jobbe for eit miljø som ikkje bere gjer borna til omsorgsmottakarar, men som og iverkset bornas eigne omsorgshandlingar.



BARNEHAGELØPET - OVERGONGAR - BARNEHAGE/SKULE

Oppstart i barnehagen:

- Før sommarferien i oppstartsåret har vi eit foreldremøte for dei nye barna med føresette. Her kan vi utveksle informasjon som er viktig å vite for føresette, borna og barnehagen.
- Vi sender ut velkomstbrev med informasjon om oppmøtetid, om avdelinga barnet skal starte på med bilde av tilknyttingspersonen og dei andre tilsette
- Første dagen møter ein tilknyttingspersonen, og kan gjere nærmare avtalar om korleis ein ynskjer at den første tida til barnet skal vere.

Overgangar mellom avdelingane

- Når eit barn skal flytte frå ei avdeling til ei anna, startar vi opp ei gradvis tilvenning der barnet er på den nye avdelinga saman med ein trygg vaksen frå si avdeling. Etter kvart som vi ser at barnet kjenner seg trygg, prøvar vi litt og litt at ein vaksen på den nye avdelinga tek seg av barnet. Når vi opplever at barnet er trygt, byrjar barnet etter kvart å ha heile dagar på si nye avdeling

Overgang barnehage/ skule

- Siste året før skulestart går barna på «førskulegruppe» Her snakkar vi om det å begynne på skulen, og vi arbeider skuleforberedande med eit førskulehefte.



- Vi har samarbeid med Ålhus og Langhaugane barnehage med der vi har månadlege treff for alle førskuleborna i skulekrinsen.
- På Luciadagen (13.12) plar førskulegruppa reise på skulen for å synge til dei minste klassane. Dette er for å gjere seg litt kjende på skuleområdet, og å kunne få sjå dei klasseromma som dei sjølve skal vere i ved skuleoppstart.
- På våren er det bli kjendt dagar på skulen, i tillegg til at vi prøvar få til leikedagar saman med skulefaderklassa.

Avslutting i Barnehagen

- Kvar vår har vi eit ekstra opplegg med førskuleborna der vi har eit innøvd program som borna sjølve lagar til, dette viser dei til dei andre i barnehagen slik at dei andre borna også skal få ei bevisstgjeringsom at desse borna ikkje kjem til å gå i barnehagen etter sommaren.
- Rundt siste veke før sommarferiestart har vi ein avslutningsfest for førskulegruppa med familie.





Dokumentasjon /vurderingsarbeid / barn som treng ekstra tilrettelegging

Dokumentasjon av personalet sitt arbeide synleggjer korleis personalet arbeider for å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplan for barnehagar.

Rutinar og handlingar må kontinuerleg vurderast opp mot lovverket. I rammeplanen står det at systematisk vurderingsarbeid skal legge grunnlaget for barnehagen som ein lærande organisasjon. Ved å gå gjennom eigen praksis, egne rutinar og egne uttrykte haldningar, vurderer vi om det er rett praksis eller om vi må gjere endringar.



Rammeplanen seier også at personalet har som rollemodellar eit særleg ansvar for at barnehagens verdigrunnlag etterlevast i praksis. I personalet sine pedagogiske drøfting på avdeling/personalmøte

Drøftar vi om eigen praksis og barnehagens kultur bidrar til å fremje verdiane som skal ligge til grunn for vår daglege verksemd. På dei ulike møter som vi har drøftar vi med jamne mellomrom egne rutinesituasjonar. Vi har brukarundersøkingar, og drøftingar på foreldremøta slik at dei føresette kan vere med å setje sitt preg på kvardagen. I samarbeidet med føresette ynskjer vi å bli meir brukarvenlege og heve kvaliteten på arbeidet vårt inn mot brukargruppa vår itråd med rammeplanen og gjeldande lovverk.

Gjennom pedagogisk dokumentasjon utviklar personalet sin kompetanse på kvart enkelt barn. Samtidig set ein gjennom drøftingar i gang refleksjon over våre arbeidsmåtar og evaluerer om vi oppnår det målet vi ynskjer. Gjennom observasjon og bruk av ulike kartleggingsskjema set vi fokus på barnet si utvikling, progresjon og trivsel i barnehagen.

Barnehagen skal sørge for at born som treng spesialpedagogisk hjelp blir inkluderte i det daglege tilbodet saman med dei andre borna. For enkelte barn kan tidleg innsats bety at ein i delar av dagen må arbeide saman med barnet utanfor det ordinære opplegget, med særleg fokus på å styrke barnet sine utfordringar.

Vårt mål er: Vi skal dokumentere og vurdere eige arbeid for å ha best mogeleg grunnlag for å evaluere kvaliteten i eige arbeide, og for å kunne synleggjere korleis vi skal kunne nå egne målsetjingar.



På Verdiplakaten

«kvaliteten på samspelet mellom barnet og omsorgsgjevaren spelar ei avgjerande rolle for utviklinga til barnet»



Omsorg

Tryggleik er ein føresetnad for at barn skal kunne utvikle seg, vise omsorg, og trivast i eigen omgjevnad

I Vassenden barnehage skal alle barn:

- Møte vaksne som har tid til dei, som ser og bekreftar dei
- Møte tydelege vaksne som set klare og trygge grenser
- Bli møtt med respekt og tiltru i høve til kjensler og relasjonar
- Vite at den vaksne er der for dei, fordi den vaksne verkeleg bryr seg
- Få mogelegheita til å ta imot og vise omsorg for kvarandre

Leik

Gjennom leik kan borna uttrykke seg fritt, dette er bornas «arbeide». I leiken lærer og utviklar barna seg, fysisk, intellektuelt, språkleg, sosialt og emosjonelt.

I Vassenden barnehage skal alle barn:

Ha nokon å leike med, og kjenne at dei har vener i barnehagen. Få god tid til å leike, og ha ein vaksen som kan tryggje relasjonane i leiken.
Vi skal vere trygge saman, få opplevingar som stimulere til leik og fantasi i trygge omgjevnadar.
Alle skal ha mogelegheita til å kunne søkje hjelp til meistring ved behov.

Læring

Saman skal vi skape eit miljø for positive læreprossar som fører til progresjon og kontinuitet hjå enkeltbarnet. Barna skal ha tru på seg sjølv, eigne evner og vere stolte over kven dei er.

I Vassenden barnehage skal alle barn:

- Oppleve gleder over å lukkast
- Vere aktive i problemløysing og skaping der deira initiativ tel
- Erfare at fleira løysingar kan føre fram til same ynskde mål
- Få bruke alle sine sansar i utvikling og læring
- Erfare læringsglede i dei kvardagslege gjeremål

«det synest vere eit kjennemerke på godt stell at spedbarnet ikkje berre blir bada i vatn, men også i språklyd og kroppskontakt»